

Forhandlinger for lukkede dører i Stortinget

**Møte for lukkede dører
mandag den 11 september 1939 kl. 13,45.**

President: Hambro.

Dagsorden:

Referat.

Efter forslag fra presidenten besluttedes enstemmig:

1. Møtet holdes for lukkede dører.
2. Regjeringens medlemmer og de i forretningsordenens § 54 nevnte funksjonærer gis adgang til møtet.

Der referertes:

Kgl. meld. om nøytralitetsrådsgjerder. Hæren og Sjøforsvaret.

Enst.: Sendes spesialkomiteen forsterket med 3 medlemmer av militærkomiteen, oppnevnt av denne.

Protokollen blev oplest uten å foranledige noen bemerkning.

Møtet hevet kl. 13,50.

**Møte for lukkede dører
torsdag den 14 september 1939 kl. 17.**

President: Hambro.

Dagsorden:

Utgreiling av statsråd Koht.

Presidenten: Møtet foreslåes holdt for lukkede dører. Regjeringens medlemmer og de i forretningsordenens § 54 nevnte funksjonærer foreslåes gitt adgang til møtet, og det ansees enstemmig bifalt. Videre foreslåes ekspedisjonschef Smith og ekspedisjonschef Bull gitt adgang til møtet — det ansees enstemmig bifalt. Efter konferanse med utenriksministeren foreslåes likeledes pressens representanter etter fortegnelse fra Utenriksdepartementets pressekontor gitt adgang — ingen har uttalt sig derimot, og det ansees enstemmig bifalt.

Statsråd Koht: Det er rimeleg at når Stortinget har kome i hop med tilføre av alt det som går for seg ute i verda i denne tida, so ynskjer det å få ei utgreiling um dei utanrikspolitiske vilkåra som grip so sterkt inn i norsk politikk, og eg skal då no freista på å fortelja i det minste um visse hovudpunkt av det som eg trur kann ha serskild interesse i denne samanheng. Eg må då aller fyrst få lov til å nemna at eg alt frå i vår varskudde Regjeringa um at etter mitt skyn vilde vi få krig ute i verda, krig millom stormaktene, no til hausten. Eg brukte å segja at vi kunde venta denne krigen i september. Når ein så spurde meg kva grunn eg hadde for denne meinингa, so må eg vedgå at eg kunde ikkje prova dette med positive grunnar, men det var då sume ting i det minste som gjorde at eg meinte at ein kunde ikkje sleppa frå ein slik krig. Det var det som hende i mars i år, då dei som styrde i Tyskland, gjekk ut over det som dei fyrr hadde sagt dei vilde halda seg til, og la Tsjekko-Slovakia inn under det tyske riket og inn under tysk makt. Det var det som kom til å få so veldig ein verknad på heile den eu-

ropeiske politikken, og serskild førde det til at både Storbritannia og Frankrike kasta seg inn i ei oppvæpning som ein aldri fyrr hadde set maken til. Vi kom den gong inn i ei kappvæpning millom stormaktene som etter mitt skyn måtte føra fram til ein krig, og ikkje berre for di det var slik kappvæpning, men dessutan for di partane i alle dei spursmåla som reiste seg, syntest stå so langt frå kvarandre at det ikkje godt kunde bli anna løsing enn krig. Sjølve oppvæpninga hadde sjølv sagt alt for lenge sidan kome i gang, um ikkje i fullt so svært mål, og vi som høyrd til regjeringane i dei små statane, måtte ta støkk av dette og tenkja på um det ikkje skulde vera råd i det minste å få ein stans i sjølve oppvæpninga, få sett grensor for den. Serskilt dei nordiske statane har arbeidt med å få fram spursmålet um avgrensing i væpninga i Folkesambandet i Genève, men det var klårt at gjennom Folkesambandet kunde vi ikkje nå fram, for di tri av dei største stormaktene ikkje var med i Folkesambandet. For min part tok eg so spursmålet upp i fjar i eit møte av dei nordiske utanriksministrane. Eg tok det upp i den forma at eg spurde um ikkje vi frå våre statar kunde venda oss saman til stormaktene og be dei få istand ein internasjonal konferanse der dei skulde dryfta alle dei utanrikspolitiske spursmål med tanke på korleis ein skulde nå fram til nedvæpning, til i det minste ei avspaning millom statane. Etter eg hadde teke dette upp millom dei nordiske utanriksministrane — det var i juli i fjar — tok eg det dagen etter upp i eit møte av utanriksministrar for alle dei statane som ein kallar for Oslo-statane. Der kom det fram den tanken at ein ikkje skulde nøgja seg med dette å halda seg til Oslo-statane, når ein vilde gå til stormaktene, men at ein skulde freista få med alle dei små eller mindre statar i Europa, som berre kunde ha tap av krigen. Eg må vedgå at for min part var eg ikkje noko serleg glad for den tanken, men eg fekk då i det minste av dette møtet ei fullmakt til å venda meg til alle desse mindre statane i Europa, og høyra um dei vilde vera med på slik ein fyrespurnad og slik ei fyrteljing hos dei store maktene. Det rundskivet som eg sende ut for dette formålet, gjekk ut herifrå den 10 august i fjar. Straks etter veit vi at vi kom upp i heile septemberkrisa, der vi var heilt inne i krigen, so det var ikkje råd den gongen å ta fram denne uppmodinga som vi hadde vilja gjeva. So vart den tanken reist frå andre sidor, at den beste måten kanskje vilde vera at vi, dei små statane, gjekk ein umveg um Sambandsstatane i Amerika, at regjeringa der skulde vera på ein måte ordførar for alle oss, og med den klem som stod

bak slik ei stormakt, skulde venda seg til dei europeiske stormaktene og gjera framlegg um ein nedvæpningskonferanse. So hende det dette at straks etterpå, i november var det vel, braut jødeforfylgjingane laus i Tyskland, og den amerikanske presidenten, Roosevelt, sende ut fråsegner som gjekk svært hardt imot Tyskland i den sak. Det er sjølv sagt ting som vi alle svært godt kann skyna at han gjorde, men det førde i alle tilfelle til at han ikkje lenger kunde vera den mann som ein kunde ha von um vilde få øyre hos Tyskland i det minste og dermed vinna fram med ein tanke um ein internasjonal freds- og nedvæpningskonferanse. Medan vi so etterpå millom dei små statane arbeidde med sjølve dette spursmålet um nedvæpning, kom vi fram på våren i år. Då hadde vi den store mars-krisa, då, som De veit, Tyskland øydelagde den Tsjekko-Slovakiske staten, og det var då desse hendingane som dreiv stormaktene inn i denne veldige oppvæpninga slik at ein ikkje lenger kunde få ljod for tanken um nedvæpning. Då var det eg for min part mistvila um at vi i det heile kunde stansa krig her i Europa. Likevel måtte då alle dei som såg korleis dette gjekk for seg, uvilkårleg tenkja på at ein må då likevel freista på alt det ein kann — um det so ser vonlaust ut — og etter kvart som det bar fram mot krisa, trengde den tanken seg fram sterkare og sterkare, og til slutt i august månad var det at den belgiske kongen sende ut sitt skriv til monarkane innanfor Oslo-gruppa — eg segjer monarkane for di han frå fyrsten ikkje vende seg til presidenten i Finnland, han vende seg til kongane i dei tri andre nordiska land og til dronninga i Holland og erkehertuginna i Luxembourg — og spurde um regjeringane i desse landa vilde vera med å møtast og dryfta ein fredsappell til folkeopinionen i verda. Forhandlingane um dette førde til eit møte millom ministrane for Oslo-statane i Bryssel den 23 august, og førde til at den belgiske kongen same kvelden gjennom kringkastinga sende ut i verda sin fredsappell. Eg må her nemna at eg for min part hadde meint at ein i dette Bryssel-møtet burde ha gått lenger. Eg gjorde framlegg der um at ein skulde forma denne appellen ikkje berre som ein appell til folkemeininga, men beint fram venda han til regjeringane i dei europeiske statane, soleis at alle i hop skulde vera nøydde til å svara eit ja eller eit nei, um dei vilde vera med på å leggja alle dei stridsspursmåla som då var uppe, fram til dryfting på ein internasjonal konferanse. Det torde dei andre representantane på Bryssel-møtet ikkje vera med på, og det vart då ikkje av noko anna enn denne ålmenne fredsappellen. Men mindre enn ei

veke etterpå var det at den belgiske kongen fekk den hollandske dronninga med på ein appell som vende seg beinveges til dei regjeringsane som då nærmest var i strid med einannan, med tilbod um å mekla millom dei i striden. Det var då so seint at dei svara på alle sidor at ja, dette er ein vakker tanke — men ingen gjorde noko med sjølve tanken. I mellomtida var det at både president Roosevelt og paven hadde sendt ut fredsappellar av same slaget, men ingen av dei hadde slik praktisk form og vende seg med slike praktiska krav til dei regjeringsane som var i strid, at dei førde fram til noko resultat. Endeleg den 1 september var det at Mussolini frå Italia sende ut ei uppmoding til desse andre regjeringsane som var i strid med einannan, og gjorde framlegg um ein fredskonferanse til å dryfta spørsmålet, men då var det for seint, for den 1 september um morgonen kl. 5 var det at den tyske føraren, Hitler, hadde kunn gjort at no vilde han nyttva vald mot Polen, og dermed hadde då krigen brote ut. Denne tyske kunngjeringa um makt mot Polen, har dei på tysk side sjølve streka under, var ikkje det same som krig. Det er berre ein leik med ord, og då dei nordiske regjeringsane straks forkynnte at dei vilde vera nøytrale i denne konflikten millom Polen og Tyskland, nyttva vi alle i hop ordet «krig», og ingen kunne protestera mot det, Tyskland minst av alle, for di Tyskland samstundes gav fråsegn um at det ville respektera nøytraliteten hos dei statane som stod utanfor. Og sjølv sagt, nøytralitet kann ein ikkje tala um når ein ikkje samstundes talar um krig. Det var då den 1 september på den måten krig millom Tyskland og Polen, og two dagar etter, sundag den 3 september, var det at vestmaktene gjekk med inn i krigen.

Dei nordiske statane sende då ut sine nøytralitetsfråsegner, først med det same den polsk-tyske krigen hadde teke til, og deretter då vestmaktene hadde kome med. Desse nøytralitetsfråsegnene hadde lege ferdige alt i mange månader. Dei hadde vore dryfte mellom dei nordiske regjeringsane, for di vi, dermed at vi nyttva den same ordlyden, vilde visa fram for verda at vi alle her stod sams um ein klår og grei nøytralitetspolitikk. Spørsmålet um nøytralitetspolitikken var til aller sist dryft på det nordiske utanriksministermøtet her i Oslo i dagane 30—31 august. Eg må her kanskje skyta inn ein liten merknad um årsaka til at dette utanriksministermøtet her i Oslo kom til å bli sett ut ein dag, so det kom saman ein dag etter det frå fyrsten var tillyst. Det var ein avtale som gjekk eit par månader tilbake i tida, at dette møtet skulde koma i stand den 29 august, og det vil då segja at dei

utanriksministrane som skulde på ferd hit frå Stockholm og Kjøbenhavn — den finske utanriksministeren hadde kome til Stockholm på fyrehand — måtte reisa derifrå kvelden i fyrevegen. Men just den kvelden den 28 august, var det mange som trudde at då vilde sjølve krigen koma. Dei venta at då vilde Hitler gjera sitt kup mot Polen, for di den kvelden skulde den britiske regjeringa gjeva sitt svar på det som Hitler først hadde vendt seg til regjeringa um, og ein venta seg at dette svaret vilde bli soleis at Hitler straks vilde slå til. Det var grunnen til at dette møtet den kvelden vart avlyst soleis at det ikkje kunde koma i stand næste dagen. Då det so næste morgen viste seg at Hitler ikkje hadde gjort sitt kup, fekk vi i ein fart kalla møtet i hop til næste dagen, og so fekk vi halde dette samrådsmøtet straks fyrr krigen kom.

Eg har nemnt at den tyske regjeringa alt på fyrehand hadde gjeve fråsegner til ei rekkje med land um at ho vilde respektera den nøytraliteten som desse landa vilde halda uppe. Slike fråsegner var gjevne til Belgia, Nederland, Luxembourg og Sveits alt den 26 august. Eit par dagar deretter vart same fråsegna gjeven til Danmark. Til andre land vart denne tyske fråsegnna ikkje gjeven fyrr etter krigen hadde brote ut. Det var då til dei nærmaste grannestatane, dei små landa kring um Tyskland, at fråsegn vart gjeven på fyrehand. Men den gongen Danmark fekk denne fråsegnna, dryfte den danske utanriksministeren med den tyske sendemannen i Kjøbenhavn spørsmålet um korleis dette skulde visa seg i gjerning at Tyskland vilde respektera nøytraliteten. For i den tyske fråsegnna vart det gjort det undanhaldet at um andre statar ikkje respekterte nøytraliteten til Danmark, og soleis at Danmark ikkje kunde gjera motstand mot slikt eit brot på nøytraliteten, vilde den tyske staten like eins kjenna seg fri til å ikkje lenger respektera den danske nøytraliteten. Det viste seg, då dette spørsmålet vart dryft i Kjøbenhavn, at det som dei på tysk side serleg var redde for, det var at Storbritannia skulde senda sine fly til hjelp for Polen tvert over Danmark og på den måten krenkja den danske nøytraliteten, og det sa dei på tysk side at det vilde dei ikkje tola. Med tilføra av dette vende so den danske utanriksministeren seg til den britiske sendemannen i Kjøbenhavn og hadde ei dryfting med han, og han fekk då frå den britiske regjeringa ei fråsegn um at Storbritannia ikkje vilde krenkja den danske nøytraliteten på den måten, ikkje vilde senda sine fly over det danske umrådet. På den måten tryggja då Danmark seg til båe sidor. Til andre land, til Noreg, Sverige og andre land, kom den tyske

fråsegna um respekt for nøytraliteten fyrst etter krigen hadde brote ut. Ho kom til oss her i Oslo den 2 september. Det har vore sagt i sume blad, har eg set, at den tyske fråsegna til Noreg hadde ei kvassare form enn til andre land, enn til Danmark til dømes, men det er ikkje rett; det var plent den same ordlyden i alle desse fråsegnene. Det einaste landet som fekk ei fråsegn som ikkje hadde desse vilkår um at Tyskland vilde stå fritt um nøytraliteten vart broten frå andre sidor og dette landet ikkje sjølv kunde verja nøytraliteten sin — det einaste landet som fekk fråsegna i ei mildare form, um De so vil — det var Finnland, og det kann vel ha sine politiske grunnar og historiske grunnar, i det tilhøvet som Finnland frå eldre tid hadde stått i til Tyskland.

Slike nøytralitetsfråsegner kom då til dei nordiske landa likso vel som til andre land frå Tyskland. Derimot har Storbritannia og Frankrike ikkje gjeve slike fråsegner frå seg fyrr no nyleg siste laurdag den 9 september. Ei fråsegn vart gjeven til Sverike med den grunngjevinga at dei i Storbritannia hadde lagt merke til at den svenske pressa hadde kasta ut mistankar mot Storbritannia, at det kanskje ikkje ville respektera den svenske nøytraliteten, sidan den engelske regjeringa ikkje hadde gjeve noko slag fråsegn um dette. I denne samanhengen må eg nemna at alt dagen fyrr vestmaktene gjekk inn i krigen, var den franske sendemannen i Oslo hos meg, og då nemnde han dette spørsmålet um fråsegner um respekt for nøytraliteten. Dei var kunngjorde i blada alle desse fråsegnene som var komne frå den tyske regjeringa, og han spurde um eg for min part vilde rekna det for naudsynt å få slik ei fråsegn frå Frankrike. Til det sa eg at eg ikkje kunde rekna det for naudsynt, eg gjekk ut frå at det var ei millomfolkeleg plikt at ein skulde respektera nøytraliteten hos dei statane som sjølve var nøytrale og sjølve vilde vera nøytrale. Men i dei nærmeste dagane syntte det seg at her i vårt land og reiste spørsmålet seg: kvifor kjem ikkje Storbritannia og Frankrike med slik ei fråsegn som Tyskland har gjeve? Eg tok då upp spørsmålet med den britiske ministeren — det var den 5 september — då han var hos meg i eit anna ærend som eg skal tala um sidan. Då tok eg upp dette spørsmålet med han, og sa at eg meinte at Storbritannia for si eiga skuld burde gjeva slik ei nøytralitetsfråsegn, so det skulde syna seg heilt ålment klårt for alle at Storbritannia vilde respekte nøytraliteten. Han skreiv opp dette og vilde gjeva ei melding um det til regjeringa si, men eg har endå til i dag ikkje høyrt meir um saka.

Eg har mange gonger her fyrr krigen kom, og i sume tilfelle etter krigen hadde brote ut, fått det spørsmålet um det no var nokon ser-skild fåre for den norske nøytraliteten i denne krigen, og eg har då alltid sagt at etter mitt skyn er den *militære* fåren for nøytralitetskrenking ikkje so stor denne gongen som han var i krigen 1914—1918, og eg meiner at det er rett. Eg byggjer dette på heile den moderne krigsteknikken, som gjer det mindre naudsynt for dei krigførande å få eit stydje-punkt i vårt land for krigsforsla si. Men når eg har sagt at det var mindre fåre no enn i 1914—18, so vilde eg sjølvsagt ikkje dermed ha sagt at det ingen fåre var, men eg har samstundes meint at det var rett andsynes ålmen-ta ikkje å segja for mykje um den fåren som kunde vera, for folk har so altfor lett for å verta uppskræmde, det har vi so mange døme på, og eg vilde ikkje vera med å skræma upp folkemeininga her i landet. Men det er klårt, det er noko alle veit, at denne fåren ligg der alltid når det er krig utanfor dørene våre; men som eg sa, eg trur at denne fåren er *mindre* no enn han var i 1914 og dei næste åra, so det på ein måte vil vera lettare for ei norsk regjering no å verja seg mot militær nøytralitetskrenking enn det var den gongen. Men so har eg streka sterkt under at fåren for økonominisk nøytralitetskrenking, fåren for krav til oss som vilde føra oss utanfor nøytraliteten vår, den fåren vilde denne gongen vera endå større enn han var i den fyrrre verdskriga, og det trur eg nok er ein ting alle har mått vera klåre over. Og vi har set korleis alle stormaktene på fyrehand har butt seg på å føra ein krig som skulde vera det ein no med eit moderne slagord kallar «totalitær», soleis at all makt blei sett inn berre på det å vinna krigen, at ein ikkje vilde kjenna noko umsyn til nokon kant, når det galdt um dette å vinna. Det fyrste og det siste som kvar einaste krig-førande stat tenkte på, det var dette å vinna krigen, og då vilde ikkje umsynet til nøytrale statar spela so stor ei rolle. Det er då på det økonomiske umrådet at eg meinte at desse krava vilde koma, og det var eg sjølvsagt ikkje áleine um å meina, det var noko som alle måtte sjå klårt for seg. Det har då mått vera noko av det viktigaste, no når krigen stod for døra, å væpna landet økonomisk so godt som råd var, og det var i samanheng med dette at den norske regjeringa den 26 august, soleis 6 dagar fyrr det vart krig, utferda eit ålment utførselsforbod. Dette var i og for seg ikkje meint på å vera vendt mot dei krigførande; men hovudformålet med dette utførselsforbodet var å styrkja landet økonomisk i det indre livet; vi vilde hindra at alt det som vi kunde ha bruk for under ein krig, på fyre-

hand skulde bli ført ut or landet, skulde bli selt eller på annan måte koma utanfor norsk makt. Det synter seg svært fort kor naudsynt det var å ha eit slikt utførselsforbod. Etter framlegg frå — eg tenkjer det var post- eller tolletaten — vart det sett upp eit lite undantak i utførselsforboden, soleis at pakkar, varor, som var verd til saman mindre enn 50 kronor, skulde ein likevel ikkje turva ha utførselsløyve for, det skulde ein få senda ut fritt. Ein tenkte at slike småting kunde det ikkje vera nokon fåre med. Men det synter seg at det vart sendt slik ei mengd av desse småpakkene, dette vesle holet i utførselsforboden vart nytta ut i so veldig ein mun, det var slik illojalitet på dette umrådet, so Regjeringa få dagar etter vart nøydd til å taka burt denne avgrensinga i utførselsforboden. Utførselsforboden var i forma eit ålement forbod mot utførsel, men likevel soleis at det var sett upp ei liste på varor som ein ikkje turvte søkja licens for, og det var først og fremst alle dei varone som vi naturleg driv utførsel med, og som det ikkje var nokon serskild grunn av umsyn til indre vilkår til å stengja utførsla på.

Det var då den eine tinga som vart gjort frå norsk side på fyrehand med tanke på kriegen. Og ein annan ting som vart gjort med det same krigen braut ut, det var den åtvaringa som vart send til dei norske skutone. Det var ei åtvaring um at dei burde no, etter kriegen hadde brote ut, for det første søkja inn til norsk hamn eller anna nøytral hamn, og der venta på ordre. Dette vart gjort frå Regjeringa etter sterk uppmøding frå Norges Rederiforbund, frå representasjonen for dei norske skipsreidarane. Det var sjølv sagt ikkje dermed meint å leggja ned eit ålement forbod mot ferdsel på dei krigførande landa i framtida. Det var berre ei åtvaring som skulde gjelda i sjølve den stunda, og soleis at ein då kunde betre sjå korleis ein skulde stella seg med skipsfarta. For det måtte alle vita at spursmålet um den norske handelfloten vilde bli eit av dei aller vandaste spursmåla i krigen som kom, og det kunde for so vidt for heile den norske staten, for heile den norske skipsferdsela, vera viktig at so lite som råd var av denne floten låg i hamn hjå dei krigførande.

Tanken om at det økonomiske presset på Noreg vilde koma til å bli sterkt i denne krigen — ein tanke som ein ofte forma soleis at dei krigførande vilde taka til med sitt handelspress no der dei slutta i den fyrre krigen — denne tanken sanna seg mykje fortare enn nokon skulde ha venta. Straks dagen etter krigen hadde brote ut millom Vestmaktene og Tyskland, var det at det kom hit til Oslo ein utsending frå den tyske regjeringa. Han

hadde dagen i fyrevegen vore i Stockholm og dagen fyre det i Kjøbenhavn, og frå Oslo reiste han til Helsingfors. Det var ein mann som fyrr hadde vore tysk sendemann i Kjøbenhavn, soleis at han var kjend i dei nordiske landa, og han kunde millom anna tala dansk. Han var her i Oslo og hadde ein samtale med statsministeren, der eg var til stades, og um det vart det sendt ut ei pressemelding som fortalte at den tyske utsendingen hadde sagt at den tyske regjeringa ynskte i krigen å halda uppe, so vidt som råd var, eit normalt handelssamkvæme med Noreg på den måten at varebytet skulde halda fram i same umfanget og på same grunnlaget som fyrr. Statsministeren gav då det svaret at det same ynsket hadde den norske regjeringa. Dette var pressemeldinga. Sjølv sagt vart det sagt noko meir i den samtalens. Men heile samtalens gjekk for seg i svært vennskapelege former. Her var ikkje i forma noko slag trugsmål frå tysk side, det var berre eit ynske som vart bore fram. Men det var heilt klårt for oss som var til stades, at bak dette ynsket låg det sjølv sagt den tanken, at um Noreg ikkje vilde halda uppe dette normale samkvæmet med Tyskland, so kunde det føra til konsekvensar, kanskje til mottiltak av eit eller anna slag, frå tysk side. Og denne tyske sendemannen nemnde serskilt, at um Noreg vilde lata sin handel med utlandet koma under kontroll av ei krigførande makt på same måten som Sveits hadde gjort i den fyrre krigen, då vilde dei frå tysk side rekna dette som eit brot på den norske nøytraliteten, so i den fråsegna kann vi då segja at det låg i det minste ei varing, um ein ikkje vil gå so langt som til å kalla det eit trugsmål. Vi ventar no her til Oslo på laurdag som kjem, ein ny utsending frå den tyske regjeringa, som har det formålet å dryfta sume serskilde sidor av handelssamkvæmet millom Tyskland og Noreg. Vi meiner her i vårt land at denne mannen kjem noko for tidleg til å kunna dryfta mange slike serskilde spursmål; for vi står endå midt uppe i grunnleggjingane av den nye administrasjonen for utførselsforbod, for alt det andre økonomiske livet vårt, so vi trur ikkje noko større på at denne nye utsendingen kann få noko praktisk resultat med seg tilbake. Men det er eit vitnemål um kor stor vekt dei på tysk side legg på dette å få halda uppe handelssamkvæmet med vårt land so vel som med dei andre nordiske landa; for denne utsendingen skal etterpå til Stockholm og Kjøbenhavn. Denne gongen kjem utsendingen soleis først til Oslo. Dette var det som har gått for seg i tilhøvet til Tyskland.

Frå England kom den britiske sendeman-

nen i Oslo den 5 september til meg — det var soleis dagen etter den tyske utsendingen hadde vore her — og la fram for meg eit utkast til ein avtale millom Noreg og England um handelsskipnaden millom desse two landa i denne krigen. Dette utkastet til avtale gjekk ut på at den norske regjeringa skulde taka på seg å setja upp maksimumskvoter for den norske utførsla til Tyskland. Det var kvoter som ein so i tinging skulde koma til å bli forlikt med den britiske regjeringa um, og so skulde då etterpå den britiske regjeringa kvar einaste månad få greie på kor stor utførsla til Tyskland var, ja ikkje berre til Tyskland, men i det heile til andre land i Europa, soleis at det vilde bli ei form for kontroll over den norske handelen. Til vederlag vilde då den britiske regjeringa lova at ho skulde ikkje på nokon måte hindra innførsel til Noreg av dei varone som vi kunde ha bruk for til næringslivet her heime — på det vilkåret då at desse varone ikkje skulde bli ført ut til andre land. Og den britiske regjeringa lova ikkje berre å lata vera å hindra denne tilførsla, men lova samstundes å gjera sitt beste til å letta tilførsla til Noreg både frå sitt land og frå andre land av slike varor. Innhaldet i dette britiske framlegget, det som dei tenkte seg at vi skulde taka på oss i tilhøvet til Tyskland, det var då, som eg sa, dette med maksimalkvoter for utførsla dit; men det var i ein serskild artikkel i dette utkastet greitt sagt frå at dermed var det ikkje meint å hindra den normale handelen med Tyskland. Ein vilde leggja til grunn, vart det sagt, medeltalet for utførsla vår eller handelen vår med Tyskland i dei siste tri åra, 1936—1938. For så vidt kunde då dette svara til å halda uppe eit normalt handelssamkvæme med Tyskland. Det var soleis i realiteten ikkje nok svært hardt krav til Noreg. Dette, som soleis kom til Noreg den 5 september, vart same dagen, men nokre timer etterpå, gjeve til regjeringa i Kjøbenhavn. Two dagar etter, den 7 september, kom plent same framlegget til Sverike, og so kom det i dei næste dagane til Finnland, til Belgia og til Nederland. Dei nordiske regjeringane — det vil då i dette tilfellet segja regjeringane i Noreg, Danmark og Sverike, som først hadde fått det britiske framlegget — fekk høve til å samrå seg med kvarandre um korleis dei skulde svara, og vi var i hovudsaka samde um i kva lei svaret skulde gå. Vi var samde um at vi ynskte ikkje å ha slik ein avtale som den britiske regjeringa her baud fram; men vi vilde leggja fram for England dei faktiske vilkåra for vår utførselshandel og for heile vårt handelssamkvæme med andre land, og serskilt då Tyskland, og det grunnlaget vart då den clearing-

avtalen som vi har med Tyskland, som i hovudsaka let vare gå mot vare, soleis at utførsel og innførsel skal vega eiannan upp. Det er noko, 15 pct., som skal vera i fri valuta, men elles i hovudsaka varemengd mot varemengd. Vi meinte då at når vi kunde påvisa dette for England, so vilde dette vera eit godt nok grunnlag for England til å lita på at vi ikkje vilde halde uppe meir enn det normale handelssamkvæmet med Tyskland, det som for so vidt både Tyskland og England ynskte. Det var då hovudtanken i det svaret som vart gjeve den 12 september frå alle desse tri nordiske landa. Men fyrr vi her i Noreg gav vårt svar, utferda vi for Noreg — likeeins som dei gjorde i Danmark og Sverike — nye utførselsforbod, d.v.s. i forma. Vi tok burt det meste av det som den 26 august var sett på frilista, so det i røynda kom til å bli eit ålment utførselsforbod. Vi let det stå att visse småvaror som ikkje kann spela noka stor rolle. Eg må då nemna — eg gløymde å nemna det i stad — at den britiske regjeringa hadde sendt fram i tillegg til utkastet i avtalen ei liste på dei varone som ho meinte det burde vera utførselsforbod mot, soleis at desse varone berre skulde bli utførde mot licens. Det var då ikkje eit utførselsforbod soleis at varone i det heile ikkje skulde kunna bli utførde, men det var ein licesskipnad som England vilde ha. Denne lista var eins for dei nordiske landa, og kunde ha med mange varor som snart det eine landet, snart det andre landet ikkje utførde; men serskilt frå svensk side vart det lagt stor vekt på at alle dei tri nordiske landa tok med på fyrehand i utførselsforbodet dei store utførselsvarone. Dei var for Noreg og Sverike i nokon mun dei same, det var malm, tremasse, papir. Men for Noreg måtte dessutan der koma med fisk, ei av våre største utførselsvaror. Slik utviding av utførselsforbodet kom då den 9 september. Det skulde bli sett i verk frå mandag den 11te.

Det var eitt spørsmål som naturleg måtte reisa seg når ein hadde fyre seg denne tanken um slikt eit ålment utførselsforbod jamvel for dei varone som vi må utføra. Det var dette um ein ikkje her kunde lata staten vera utanfor og visa til avtalar med private næringsorganisasjonar eller skipnader på andre måtar, soleis at staten ikkje fekk ansvaret for heile denne utførsla. Det var eit spørsmål som måtte reisa seg. Stortinget hugsar at i den fyrr verdkrigen vart det i stor mun skipa soleis at staten på ein måte skuva næringsorganisasjonane fram fyre seg, soleis at staten ikkje skulle stå, i det minste beinveges, med ansvaret i desse vanskelege økonomiske spørsmåla. For min part trur eg, og det var meinингa i alle desse tri nordiske regjeringa

ne, at det var umogeleg denne gongen å sleppa frå ansvaret på den måte. Både den tyske og den britiske regjeringa hadde vendt seg seinveges til regjeringa i alle desse landa, og særskilt den britiske regjeringa hadde kravt av dei nordiske regjeringane avtalar som vilde binda utførsla på denne måten. Det vilde vera umogeleg, trur eg, å koma utanom dette. Ein måtte taka ansvaret med det at Regjeringa skulde ha hand over all utførsle, soleis som vi måtte gjera det med dette utførselsforbodet. Men i alle land sytte vi for å ha dette utførselsforbodet i stand fyrr vi gav svaret vårt til den britiske regjeringa, soleis at det var i det minste formelt og statsrettleg klårt at dette gjorde vi ut ifrå umsyn til våre eigne vilkår, og ikkje som ein led i ei tinging med Storbritannia.

Vi hugsar nok alle at i den fyrre krigen kunde vi i vårt land, og visseleg i andre nøytrale land òg, ha store vanskar for di dei private på visse måtar fekk hand um det økonometiske tilhøvet vårt til dei krigførande. Det skapte mange vanskar. Det kunde vera ein viss lett for Regjeringa, og ein kunde desavouere desse private, men det var mange vanskar som ein då kom upp i. Og det har synt seg straks no her i vårt land, at her meldde det seg vanskar på dette umrådet med ein gong. Det har synt seg i det at private forretningsfolk tok til å fara til dei framande legasjonane, til den tyske og til den britiske, og der bera fram sine ynske, soleis at dei kunde få i stand forretningar for sin vinning, men soleis at ein ikkje kann segja at dei med det tok umsyn til den norske staten og den vyrdnaden som staten har rett til å krevja. Vi har i desse dagane mått arbeida med å få næringsorganisasjonane til å senda ut til alle medlemene sine ei varing mot å gjera dette, gjera avtaler eller gå med på vilkår for seg sjølve i tilhøvet til desse framande krigførande regjeringane. Sjølve næringsorganisasjonane er det ingen ting vondt å segja um i dette høvet; dei som styrer organisasjonane, skynar svært godt at her gjeld det um å stå i hop, og at ein må verja den nasjonale retten, men diverre dei einskilde medlemene skynnar det ikkje alltid alle i hop, so ein har vore nøydd til å gripa inn på denne måten.

Det var dessutan ein serskild grunn for oss til at vi denne gongen ikkje kunde soleis skuva dei private næringsorganisasjonane framfyre oss når vi skulde taka upp desse spørsmåla um avtalar, og det var det serskilde tilhøvet som vi har til Tyskland gjennom clearingavtalen. For clearingavtalen legg eit ansvar på dei norske statsmaktene, og det kann ein då ikkje koma frå. Og her melde det seg eit reitt serskilt spørsmål, det var korleis ein

skulde tolka og praktisera clearingavtalen med Tyskland. Clearingavtalen med Tyskland er slik at det er sett opp, som eg sa, 15 pct. som det som kann gå gjennom fri valuta, av resten er det so ein viss part der den tyske regjeringa sjølv kann velja kva slag varor ho vil kjøpa i Noreg, men den største parten, um lag $\frac{3}{4}$, er det slik med at det er sett opp visse mengder av serskilde varor. No har det vore soleis at Tyskland ikkje alltid kunde kjøpa just dei mengdene av desse varone som var sette opp i avtalen, og då har det vore ei rett kurant sak at Tyskland kunde få skifta um og kjøpa andre varor, det har vi ikkje vore so nøgje med her i landet, det galdt berre, i hovudsaka i det minste, um å halda uppe ei normal jamvekt millom ut- og innførsel. Men der er vi no under krigen nøydde til å taka ei strengare tolking, soleis at dei varone som er sette opp i clearingavtalen, som det skal vera faste kvoter eller faste procentar for, må vi halda oss strengt til, og vi må ikkje lata den tyske regjeringa i det minste nokolunde fritt få føra dette kjøpet over på andre varor. På den måten er det at vi gjennom clearingavtalen både har eit band på oss i tilhøvet til Tyskland, eit band på sjølve staten, og samstundes noko som staten må taka umsyn til og rekna med når vi tingar med England um desse vanskelege spørsmåla. Det svaret som no Noreg har gjeve til den britiske regjeringa, har vi endå ikkje høyrte noko um frå Storbritannia. Det er godt tenkjeleg — eg trur jamvel at ein må rekna med det — at det kann koma framlegg frå britisk side som fører til ny dryfting, at vi endå ikkje er heilt ferdige med den tinginga med England.

Og serskilt er det eit stort spørsmål som ein må koma til heilt serskild dryfting um med England, det er alt det som gjeld skibsfarta, for det var ikkje teke upp i dette britiske framleggget frå 5 september. Men det har vore nemnt no av den britiske sendemannen den 12 september, då eg gav han det norske svaret, og det er naturleg at det må koma upp, for der melder det seg ei heil rekke med vanskelege spørsmål.

Men i det heile er då det som må vera oppgåva for den norske regjeringa i alle desse spørsmåla, å stå så sterkt som råd er på dei rettane som vi kan ha til ein nøytral handel, og til ein handel som kan vera slik at vi kann halda uppe her i landet eit normalt arbeidsliv. Det er då ein strid beint fram for livet for oss i alt dette, vi må verja oss so godt vi kann mot alle inngrep; men at inngrepa kjem på ymse måtar, at det blir stramt for oss på mange kantar, må vi vera budde på. Krigen ute i verda må koma til å få sine fylgjer for oss, det kann vi aldri sleppa utanum. Det gjeld då

berre um at vi kann greia oss so langt råd er både med å halda oss utanfor sjølve krigen og med å halda næringslivet, arbeidslivet, her i landet uppe.

I dette samarbeider vi først og fremst med dei andre nordiske landa, og det er med tanke på dette at det no på måndag som kjem blir halde eit møte der statsministrane og utenriksministrane frå alle dei nordiske landa skal møtast. Der er det først og fremst alle desse økonomiske nøytralitetsspursmåla som vi må tala med einannan um. I 1914 vart dette samarbeidet millom dei nordiske landa innleidt med trikongemøtet i Malmö i desember det året. Sjølv sagt har den tanken vore nemnd denne gongen òg, at kanskje kongane skulde møtast, men det har vi ikkje set nokon slik serskild grunn til denne gongen. I 1914 spurdest det millom anna um det som ein kunde kalla ei dynastisk forsoning millom norderlanda, serskilt ei forsoning millom det norske og det svenske kongehuset, og difor var det naturleg, og alle var glade for, at desse tri kongane den gongen møttest. No er ikkje vilkåra slike, no er det regjeringsane, folkrepresentantane, som har å møtast og dryfta desse spørsmåla, og gjennom sitt møte syna fram for verda den nøytralitetsviljen som lever i alle dei nordiske landa.

Attåt dette kann det vera tale um eit meir avgrensa samarbeid med dei andre statane som høyrer med i Oslogruppa. Det er eit samarbeid som aldri kann koma til å bli på same måten intimt, beint fram av geografiske grunnar. Ein kann ikkje halda uppe eit slikt samarbeid med statar som ligg på den andre sida av eit hav der krigen blir førd. Og dessutan, desse andre statane har andre vilkår under sjølve krigen enn vi har. Men likevel kann vi samarbeida um visse ting. Vi kann samarbeida um nøytralitetsprinsipp, soleis at vi so langt råd er held uppe dei same prinsippa mot dei krigførande statane, og vi kann kanskje koma til å ha eit visst samarbeid på det økonomiske umrådet, soleis at ein hjelper kvarandre der det er mogleg. Det har då serskilt frå belgisk side vore eit ynskemål ut at ein kunde få hjelp av den norske handelsfloten, og Belgia har på si side kunna by Noreg varor som vi kann ha bruk for, jarn og kol, so det er mogleg at eit slikt samarbeid kann koma i stand innanfor visse grensor. Men dette samarbeidet kann, som eg sa, aldri koma til å bli so intimt, so sterkt som samarbeidet med dei andre nordiske statane. Det er der vi har ein styrke og det er der vi då kann vona på ei betre hjelp til å halda uppe alt det som vi treng til verjemål for det som eg har kalla den økonomiske nøytraliteten.

Presidenten: Presidenten tør spørre om nogen ønsker ordet i anledning av utenriksministerens redegjørelse.

Førre: Blir redegjørelsen ikke utlagt som vanlig for å behandles i et senere møte?

Presidenten: Utenriksministerens redegjørelse har aldri vært utlagt, men har i visse tilfelle vært besluttet oversendt til utenriks- og konstitusjonskomiteen, som så har avgitt formell innstilling om den. Jeg skulde anse dette siste som mindre tjenlig i dette tilfelle. Utenriksministeren har tidligere i møte i den utvidede utenriks- og konstitusjonskomitee gitt de oplysninger som inneholdes her; og under forhold som de nuværende anser presidenten det for særdeles lite ønskelig å trykke meddelelser av hemmelig art. Det som har vært gjort i slike tilfelle, det er at det stenografiske referat har vært utlagt på Stortingets kontor, hvor de representanter som har ønsket å gjøre sig bekjent med det, har hatt adgang til å gå igjennem det.

Førre: Jeg har ikke noget å bemerke til selve den redegjørelse som nu er avgitt av utenriksministeren, men jeg vil gjerne gjøre den fungerende president og flere av partiførerne opmerksom på at det neppe er god politikk å stå i åpne møter i Stortinget og fortelle det norske folk at under den nye krig som nu er brutt ut, må man være forberedt på at Norge vil bli stillet meget ugunstigere enn under den forrige krig. Det er ikke bare det at man dermed kan skape uro i folket, men det kan oppfattes som en innbydelse til de krigførende til å stramme vilkårene for Norges vedkommende, fordi nasjonen er klar over eller er forberedt på og innstillet på å bli stillet under ugunstigere vilkår enn under den forrige krig. Både hr. Hambro og, såvidt jeg erindrer, også hr. Mowinckel var inne på denne side av spørsmålet under trontaledebatten, og jeg er forundret over at menn av så store dimensjoner, spesielt hr. Mowinckel, som jo har vært utenriksminister i mange år, kunde få sig til å komme med uttalelser av denne art. Jeg tror det er riktig både for Stortingets vedkommende og for vår presse at man er måteholdne når det gjelder å skildre de skjerpede vilkår som man mener kan ventes under denne krig.

Joh. Ludw. Mowinckel: Der er en del spørsmål som melder seg nu når denne sak er bragt frem for lukkede dører. Det er gitt at det er den økonomiske politikk, handelspolitikken, det trykk som vi sikkert der blir utsatt for fra begge sider, som også denne gang blir

det vanskelige, og det er jo naturlig at Regjeringen er fullt opmerksom på dette.

Utenriksministeren var inne på også den rent politiske side av vår nøytrale stilling og mente der å kunne se mere rolig på forholdet enn man kunde forrige gang. Han trodde at risikoen denne gang var mindre. Jeg vilde ønske han hadde rett, men det er noget i denne forbindelse som gjør at det er ikke så sikkert han har rett. Storbritannias viktigste oppgave blir naturligvis nu å stoppe kampen mot dets handelsflåte. Allerede første uke har det lykkes tyske u-båter å skyte ned ikke mindre enn 70 000 tonn britisk handelstonnasje, og Chamberlain sa i underhuset at det var en ganske stor toll Storbritannia her hadde måttet betale. Nu gjelder dette u-båter som driver vesentlig på Atlanterhavet, og som utvilsomt har moderskip med sig til sin forsyning, hvad også Chamberlain tydelig lot forstå, så det kan vel gå nogen tid før deres evne til å arbeide er uttømt. Men en gang vil det være slutt, og disse u-båter må søke tilbake til den eneste basis de har, nemlig deres egen sjøkrigshavn ved Nordsjøen, og da vil de naturligvis søkes erstattet med nye og velforsynte u-båter. Men det er her Englands oppgave er den største og den vanskeligste: å snøre til utgangene til Atlanterhavet. Hvad Kanalen angår er dette lett gjort, hvad Nordsjøen angår er det naturligvis verre. Engelskmennene nådde meget langt på slutten av verdenskrigen, men de var ikke tilfredse med det resultat de opnådde, og de stilte da krav til Norge som jo i høi grad gikk på vår nøytrale stilling løs. Som det vil erindres, blev de krav tilgodesett på en måte under nøytrale former, men også bare på en måte. Når ikke det medførte vanskeligheter fra den annen side, skyldtes det vel kanskje vesentlig den omstendighet at Tyskland var næsten ferdig da dette siste stengeforsøk fra britisk side fant sted. Men nettopp det vi da oplevde, gjør at den mulighet melder sig at Storbritannia kanskje etter vil gjøre et forsøk på å stenge u-båtene inne ved hjelp av vårt territoriale farvann. Det gikk jo så langt den gang at den britiske flåte likefrem hadde fått det opdrag å stenge, men flåten protesterte meget kraftig, og den protest blev det tatt hensyn til, og man kom da til den nøytrale form for stenging som ble fulgt. Den nøytrale form gikk ut på at vi selv sperret det løp det her var tale om. Det er ikke fjernt å tenke sig at et slikt spørsmål kan reise sig igjen, at en slik anmodning kan stilles til oss om etter å sperre vårt territoriale farvann for u-båter. Vel, man kan si: la det spørsmål komme, og vi får se hvorledes vi skal stille oss overfor det da. Det kan være riktig nok, men jeg har dradd det

frem i anledning av utenriksministerens betrakninger om at han så roligere og med mindre engstelse på den militærpolitiske nøytralitetsstilling enn forrige gang.

Det som naturligvis blir hovedsaken, blir vår egen stilling på havet, og der har det i den første uke som er gått, vært en nervositet på norsk side som ikke har vært begrunnet. Man opførte sig øieblikkelig som om en ubegrenset u-båtkrig fortsatte på samme måte som da verdenskrigen sluttet. Dette var en bedrøvelig nervositet, som i høi grad har virket dårlig på vår handelsflåte og på våre sjøfolk. Dette er ikke sagt som nogen bebreidelse, det er bare for å konstatere et faktum; for skulden for den nervositet ligger ikke hos Regjeringen, den ligger hos Reder forbundet og Krigsforsikringen ene og alene, det var de som tapte hodet; men jeg drar det frem fordi denne overdrevne engstelse, denne ubegrundede nervositet, den underfyres tildels ennu. Vi ser gang på gang i pressen nokså ukontrollert og ukritisk fremsatte meddelelser fra Tyskland eller fra annet sted om f. eks. ubegrenset u-båtkrig. Der stod i forgårs i «Sjøfartstidende» etter «Morgenavisen» i Bergen en samtale som var blitt ført med en eller annen, som det blev sagt, tysk embedsmann, og denne tyske embedsmann hadde sagt at en helt ubegrenset u-båtkrig var igang. Det hadde vært heldig om et slikt intervju ikke var blitt inntatt før man hadde undersøkt saken nærmere på ansvarlig hold. I virkeligheten har stillingen inntil idag vært den at der overhodet ikke har eksistert noget som helst som kan kalles for ubegrenset u-båtkrig. Det har vært en krig mot fiendens handelsskip, hverken mer eller mindre. Tyske u-båter har skutt ned alle skip under britisk flagg, men heller ikke mer enn det. Der har ikke, mig bekjent, vært gjort noget som helst inngrep like overfor den nøytrale skibsfart fra tysk side, men derimot nogen ganger fra britisk side. Sådan har stillingen vært inntil idag.

Nu kommer meddelelsen om de tyske kontrabanderegler, og det synes å fremgå av den at Tyskland gjør til kontrabande akkurat det samme som England har gjort til kontrabande, såvel ubetinget som betinget kontrabande. Et spørsmål som det vilde være overmåte interessant å få rede på, er hvorledes Tyskland nu vil stille sig til nøytrale skip som fører kontrabande av den ene eller den annen art. Hittil synes Tyskland å ha fastholdt det prinsipp at det fører krigen på havet overensstemmende med de internasjonale regler. Det vil igjen si at det varsler skip og foretar undersøkelse av skip, og først når den undersøkelse viser at skipet fører kontrabande, skrider Tyskland inn mot skipet. Dessverre må

